

## Sak 47/20 HEILHEITLEG INNOVASJONSPROGRAM I HALLINGDAL – INNOVASJONSLAB FOR RR?

### Saksopplysning:

Innovasjonsløft er eit fem månaders prosjektutviklingsprogram, der bedrifter eller offentlege verksemder deltek med eit konkret innovasjonsprosjekt knytt til egen verksemd. Konseptet som har vorte nytta er utvikla av Innoco over fleire år, og vart også nytta omstillingsprogrammet i Ringeriksregionen. I kjølvatnet av omstillingsprogrammet i Ringeriksregionen vart seinare prosjektet «Innovasjonsverket» etablert, i fylkeskommunal regi. Dette er ei systematisk vidareføring av ulike verktøy for å styrke innovasjonsevna både privat og offentleg

Innovasjonsverket har saman med ulike samarbeidspartar utvikla «innovasjonsløft» vidare til å bli «heilheitleg innovasjonsprogram» der formålet er å styrke innovasjonsevna og endringsvilje i Viken

### Økonomi:

Viken fylke har løyvd 2,7 mill til prosjektet

### Visjon:

Vi bygger innovasjonskultur

### Kvifor

Verksemder (priv. og off.) treng innovasjonskultur. Dei treng evne, metoder og begeistring til å fornye seg! St.meld 30. 2020

### Målsetting:

«Minst 80 verksemder (priv og off) har erfart aktivitetar som bidreg til å auke eigen innovasjonsevne»

### KORLEIS VIDAREUTVIKLE INNOVASJONSPROGRAMMET

- Ved å koble på nettverk, innometer, innovasjonslab, podcasts og prosjektworkshops
- Utvikle lokal prosjektleiing for å bygge lokal kompetanse
- Nytte innovasjonsmiljøa Hallingdal Næringshage, Torpomoen, Nesbyen Næringsstun, Flå Vekst, Buskerud Næringshage, PAN Innovasjon, og andre
- Ved å kople på Regionråd og næringsrådgjevarar/kommunane der det er naturleg

### Vurdering

Det er viktig for kommunane å ha innovasjonsevne, omstillingsevne og endringsvilje. Gjennom innovasjonsprogrammet er det dokumentert at endringsviljen betrar seg hjå dei som deltar. Samstundes lærer ein seg ein metode og ei tenking som kan vera verdifull i alt utviklingsarbeid. Det er eit poeng at offentleg og privat deltek på dette saman. Dagleg leiar meiner at den beste måten å bli kjent med «innovasjonsprogrammet» er å delta i delar av det. For å få eit innblikk i kva innovasjonsarbeid er, bør Regionrådet vurdere å delta på ein innovasjonslab.

### Forslag til vedtak:

Regionrådet ber dagleg leiar planlegge ein innovasjonslab for Regionrådet, med varigheit inntil 4 timar.

Hallingdal 18. sept 2020

Jan Olav Helling Dagleg leiar